

Rapport om bruk av midlar jfr. Søknad om kulturmidlar for 2015

(Takk for at me fekk utsetjing med rapportering i ei hektisk tid).

Myrtveit Bygdehus har i mange år søkt og fått kulturmidlar. Dette har vore eit svært viktig tilskot for å kunna vedlikehalda Myrtveit Bygdehus.

For 2015 søkte me som vanleg om kulturmidlar der me søkte om midlar til kjøp av ymse leikeutstyr for born og unge og til nytt gjerde rundt den gode og godt vedlikehaldne skuleplassen.

I år søkte me om midlar innan kulturområde forsamlingshus. Tidlegare har me kome inn under ymse lag og organisasjonar og fått støtte til ymse innan drift av Bygdehuset/laget.

Me er svært glad for at me i utgangspunktet er tildelt inn til kr.5000.-.

No er det slik at me, som andre lag, er avhengig av det friviljuge arbeidet for å få utført det vedlikehaldet som trengs. Difor tenkte styret at me må kjøpa gjerde innan 2015 og satsa på å få arbeidet utført til våren. I vinter må ein først hogga skog som har vakse opp langs delar av det gamle gjerdet.

Bygdehuset kjøpte og sette opp nytt gjerde i 2012 på den eine langsida av leikeplassen.

Kostnaden med det nye gjerdet, som berre er ein del av det totale, har ein kostnad på kr.5088.-utan moms. Med moms kr. 6.360.-.

Gjerde er kjøpt hos Arilds Port A/S tlf. 90153888 på Hjelmås. Underteikna har i dag vore i kontakt med firmaet for å få fortgang i å få faktura på gjerdet. Gjerdet er fysisk på plass hos Bygdehuset, men fakturaen har latt venta på seg, men vert sendt vår kasserar i dag. Det vert då teke kopi og ettersendt til dykk når betalinga er utført.

Vonar at denne orienteringa stettar krav om rapportering og at Bygdehuset vert tildelt kr. 5.000.- Me vil uttrykka takksemnd for samarbeidet med dykk som arbeider med kultur i Meland.

Myrtveit 17.des. 2015

Myrtveit Bygdehus

Sølvi Knudsen

skrivar